



ÅL KOMMUNE

SAMARBEIDSAVTALE MELLOM

ÅL KOMMUNE

og

ÅL IDRETTSRÅD

Avtaleperiode 01. januar 2020. - 31. desember 2023.

Samarbeidsavtalen skal regulere samarbeidet mellom Ål idrettsråd og dei folkevalde i Ål kommune.

Ål idrettsråds formelle status i forhold til Ål kommune:

- Ål idrettsråd er eit samordningsorgan for all idrett i Ål kommune, vald av og blant idrettslaga i kommunen. Idrettsrådet er eit organ for den frivillige idrettsrørsla knytt til Norges Idrettsforbund og Olympiske komité, og skal arbeide etter dei gjeldande lover og reglar som til ei kvar tid er vedteke av Idrettstinget.
- Ål idrettsråd er høyringsorgan for saker som vert lagt ut til høyring og som er relatert til idrettsspørsmål.
- Ål idrettsråd er eit rådgjevande organ i høve til kommunen i saker som vedkjem idretten i kommunen. Idrettsrådet skal sjå heilskap i idrett og friluftsliv i Ål kommune og hjelpe kommunen til å ta avgjerder til beste for alle idrettslaga i kommunen. Idrettsrådet er ein naturleg samarbeidspartnar i råd og organ.

Samarbeidsrutinar:

- Ål idrettsråd skal vere med på prioritering av søknader til spelemidlar og vere med i arbeidet med rullering av Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Ål kommune.





ÅL KOMMUNE

- Det skal ikkje vere forhandlingar mellom Ål kommune og idrettslag/grupper/klubbar direkte, utan at Ål idrettsråd er informert og kan stille med representant om rådet ynskjer det.
- Ansvarleg for idrettssaker i Ål kommune, både politisk og administrativt, har møte- og talerett i alle møta til idrettsrådet.
- Saklister og protokollar som vedkjem idrett vert sendt til styremedlemmene i Ål idrettsråd.
- Alle saker som er av felles interesse for idretten vert sendt til Ål kommune gjennom Ål idrettsråd.
- Kultur- og idrettskonsulent i Ål kommune har sekretærfunksjonen i kommunikasjonen mellom Ål idrettsråd og Ål kommune.

Ål idrettsråd har ansvar for at denne avtala vert kjent for alle idrettslag, klubbar og grupper.

Ordførar har ansvar for at politikarane og administrasjonen vert kjent med denne avtala.

Ål 09.01.2020


Solveig Vestenfor
Ål kommune
Ordførar




Mette Feten
Ål idrettsråd
Leiar

Kopi:
Alle folkevalde i Ål
Styret i Ål idrettsråd

